



## Referat frå medlemsmøte

**Tid:** Onsdag 21. oktober 2020 kl. 11.00 – 13.45.  
**Stad:** Frøyland og Orstad kyrkje  
**Til stades:** 122 medlemmer.

### 1. Opning

Lokallagsleiar Martha Jakobsen Ulvund ønskte velkomen. Ho orienterte om smitteverntiltaka, og om dagens program.

### 2. Føredrag

Tidlegare stortingspolitikar, statsråd og fylkesmann Magnhild Meltveit Kleppa heldt føredrag med tema: «Skjemt og alvor frå et politisk liv».

Ho fortalde frå eit langt, mangslunge og innhaldsrikt «offentleg» liv. Magnhild Meltveit Kleppa vaks opp på ein gard i Fister og utdanna seg til lærar. Fram til 1975, kvinneåret, hadde ho ingen tanke om å engasjere seg politisk.

Det året reagerte ho likevel såpass strekt på både språkbruk og mannsdominans i lokalpolitikken, at ho tok opp problemet i eit lesarinnlegg i ei avis. Dette resulterte i at ho fekk i oppdrag å telje opp førehandsstemmer ved eit val. Det vart starten på den politiske karrieren, m.a. som representant i kommunestyre, fylkesting og Storting, og som statsråd i Sosial- og helsedepartementet, Kommunal- og regionaldepartementet og til sist i Samferdselsdepartementet. I 2013 vart ho tilsett som fylkesmann i Rogaland.

Magnhild Meltveit Kleppa krydra føredraget sitt med muntre episodar, store hendingar og personlege refleksjonar. Ho uttrykte mellom anna stor respekt for embetsverket, og understreka betydninga av samarbeid, både innanfor og over partigrensene. Arbeidet som fylkesmann beskreiv ho som meningsfullt og givande, og omtalte fylkesadministrasjonen som eit «unikt kompetanse-senter».

Avslutningsvis fortalde Magnhild Meltveit Kleppa om den gongen ho, på vegne av kongen, fekk æra av å tildele lokallagsleiaren vår, Martha Jakobsen Ulvund, St .Olavs Orden av 1. klasse for arbeidet ho hadde lagt ned ved Veterinærhøgskolen på Høiland i Sandnes.

### 3. Kulturinnslag

Dei 16 songarane i shantykoret «Nattrutens venner» song seg inn i møteromet, og gav til beste ei rekke tradisjonelle shantyar. Den eldste, «Whiskey, Johnny O'», er frå 1600-talet.

### 4. Måltid

Bordvers: «Liten foggel» (Vamp) akkompagnert av Dorthea Haugland. Vi fekk servert porsjonspakka mat: brød-blingsar, sjokoladecake og frukt. Skjenkeansvarleg på kvart bord serverte kaffi og vatn.

## 5. LOP-info

### Programkomiteen ved Liv Marie A Ravndal:

- Førjulsfesten: 192 medlemmer har meldt seg på. Med gjeldande smitteverntiltak har festsalen i Klepp rådhus berre rom til 80 - 90 personar. Da styret ikkje ønskjer å avvise medlemmer som har meldt seg på, er førjulsfesten flytta til Frøyland og Orstad kyrkje. Ny dato er tysdag 15. desember. Førdraget vert som annonsert: «I fotsprene til Sigurd Jorsalfar.» med tidlegare prest, fotograf Inge Bruland. Det tillyste kulturinnslaget med mannskoret «Frimenn» går ut. I staden kjem musikkgruppa «Holmgard.»
- Medlemsmøter våren 2021  
10.02.: Årsmøte/medlemsmøte. Førdrag ved smittevernlækjar Hans Petter Torvik, «I koronaens tid». Kulturinnslag ved Svein Arne Frøyland.  
10.03.: Førdrag ved førstelektor i statsvitskap UiO, Øivind Bratberg: «Koss har det gått med di – Boris og di?». Kulturinnslag ved musikal og visesongar Johs. Ringgås.  
05.05.: Førdrag ved historikar og forfattar Gunnar Roalkvam: «Hva var typisk for arbeiderkulturen i Rogaland?» Kulturinnslag ved trubadur og bilethoggar Svein Tang Wa.

### Reisekomiteen ved Gunnstein Emmerhoff:

- Inneverande år måtte ein avlyse alt, unnateke turen til Austevoll.
- Førrebels vil komiteen ikkje programfeste nye reiser da faren for avlysing framleis er stor .
- Dersom situasjonen tilseier at det er trygt, vil komiteen gi tilbod om korte turar (1 – 2 dagar) innanlands. Desse kan bli tillyste med kort varsel. Komiteen oppmodar medlemmane om å følgje med, og i tillegg sjekke at LOP har rett e-postadresse.

### Kurs-/bedriftsbesøkkomiteen ved Kåre Bærland:

- Da det er uråd å følgje gjeldande smittevernreglar ved omvising, vert det ikkje lagt opp til bedriftsbesøk under pandemien.
- Det kan arrangerast kurs. Fredheimsloftet har no berre plass til 20 personar, så det er mogeleg at ein må finne andre lokale.
- Tilbod for våren vil kome i programheftet som vert utsendt ved årsskiftet.

### Kulturkomiteen ved Bjørg Brekke Sørskog:

- 2 arrangement er avlyste pga. koronaepidemien: «Fint fransk orkester i Sandnes KinoKino og «Nøtteknekkeren» i Stavanger konserthus.
- |Nytt tilbod: Konserten «Julero» med vokalensemblen PUST i Sandnes kulturhus 19.12.2020 kl. 19.30. Ordinær pris: 350 kroner. LOP-pris 290. Melding om dette tilbodet er sendt til alle medlemmer med e-postadresse.
- På grunn av pandemien er kulturinstitusjonane varsame med å setje opp program for det komande året. Komiteen håpar likevel å finne gode tilbod også i 2021.

### Medlemstal og medlemskontingent ved kasserar Jytte Birch Emmerhoff:

- Medlemstalet er stabilt på om lag 700. LOP Rogaland Sør er det største lokallaget, meir enn dobbelt så stort som det nest største, (Bergen.)
- Giro for betaling av medlemskontingent for 2021 vert sendt ut i slutten av januar. Det komande landsmøtet (21. og 22. januar) skal handsame

framlegg om sentral kontingentauke (35 kr i året), og giroutsending må følgjeleg vente til landsmøtet har gjort vedtak.

Sentralstyret ved Rannveig Bærheim:

- Lokallaget fekk ros for at vi oppretteald så stor aktivitet i desse koronatidene.
- Landsmøtet, som skulle haldast i juni 2020, måtte utsetjast. Ny tid er 21. og 22. januar 2020.
- LOP sentralt slit økonomisk, og har dels gått med underskot. Dersom organisasjonsarbeidet skal kunne halde fram, må den sentrale kontingenten aukast.
- I pensjonsoppgjeret inneverande år, vart pensjonane igjen underregulerte med 0,75% av gjennomsnittleg lønnsvekst. LOP arbeider framleis for å få bort denne underreguleringa. Det vert no sett ned ein komité som skal arbeide med pensjonstilhøva. Ingen organisasjonsrepresentantar fått pass i denne komiteen, men LOP arbeider for i det minste å få status som referansegruppe.
- Offentlege pensjonistar har gjennom åra betalt inn så mykje til pensjonskassene at dei ikkje får ut alt dei har betalt inn. I realiteten subsidierer dei alle andre pensjonistar. Sentralstyret i LOP arbeider med saka, og understrekar kor viktig det er å ha ein stor medlemsmasse i ryggen.
- Rannveig Bærheim er innstilt som ny leiar i LOP sentralt, m.a. etter framlegg frå LOP Rogaland Sør.

**5. Allsong**

«Heim te Jæren» (Svein Inge Årrestad) akkompagnert av Dorthea Haugland.

**6. Avslutning**

Lokallagsleiar takka for frammøtet, orienterte om neste møte og ønskte vel heim.

Björg Brekke Sørskog  
Ref.

Martha J. Ulvund-leder M 906 56 520 Muningsgate 2C,4306 Sandnes <a href="mailto:martha.ulvund@outlook.com">martha.ulvund@outlook.com</a>	Björg Brekke Sørskog-nestl/kult./ref. M 906 69 184 Skulevegen 17, 4352 Kleppe <a href="mailto:bjorg.brekke.sorskog@kleppnett.no">bjorg.brekke.sorskog@kleppnett.no</a>	Gunnstein Emmerhoff-reiser M 993 25 967 Åsveien 11, 4328 Sandnes <a href="mailto:gunnstein.emmerhoff@lyse.net">gunnstein.emmerhoff@lyse.net</a>	Jytte Birch Emmerhoff -kasserer M 997 14 119 Åsveien 11, 4328 Sandnes <a href="mailto:jytte@lyse.net">jytte@lyse.net</a>
Liv Marie A Ravndal-program M 481 31 496 Gåshaugen 6,4319 Sandnes <a href="mailto:liv.ravndal@lyse.net">liv.ravndal@lyse.net</a>	Kjell Terje Larsen-reiser/økonomi M 514 10 137, Furustien 12, 4072 Randaberg <a href="mailto:ktlarse@online.no">ktlarse@online.no</a>	Kåre Bærheim-kurs/bedrift M 932 02 846 Tjeldvn.26, 4318 Sandnes <a href="mailto:kare.barheim@lyse.net">kare.barheim@lyse.net</a>	Reidun Bøe Høiland-progr/kurs M 952 08 737 Huldrevegen 9, 4365 Nærbø <a href="mailto:reidun.boe.hoiland@lyse.net">reidun.boe.hoiland@lyse.net</a>
Torbjörg Brakestad – kurs/bedrift M 922 31 117 Sølvspennetunet 56, Stavanger <a href="mailto:torbjorg.brakestad@lyse.net">torbjorg.brakestad@lyse.net</a>	Kjell Arvid Berland-reise/økonomi M 952 61 895 Barliveen 10, 4331 Ålgård <a href="mailto:kjell.arvid.berland@lyse.net">kjell.arvid.berland@lyse.net</a>	Clara Vølstad Ellingsen-kultur M 911 03 152 Gmle Austvollv.5 4312 Sandnes <a href="mailto:clara.v.ellingsen@gmail.com">clara.v.ellingsen@gmail.com</a>	<i>Rannveig Bærheim-LOP Oslo</i> M 481 46 737 Tjeldvn.26, 4318 Sandnes. <a href="mailto:Ranveig.berheim@lyse.net">Ranveig.berheim@lyse.net</a>

